



Kvinnherad vgs.  
Vestland fylkeskommune

# **OPEN SKULE**

**VALEKROSSEN INVITERER  
TIL OPEN SKULE  
ONSDAG 15.JANUAR**

**KL. 13-16**

*Kvinnherad vidaregåande skule, avd. Valekrossen ynskjer å invitere til open skule i lokala våre på Valen. Dette vert gjort med tanke på rekruttering, men også for å synleggjere tilbodet som finst for elevar som treng ekstra tilrettelegging og støtte i skulekvardagen. Vi jobbar alle mot felles mål der meistring og livskvalitet er viktige faktorar i kvardagen. Vi håpar difor å sjå akkurat deg 15.januar.*

### Agenda:

- ✓ Vise fram skulen
- ✓ Introdusere fagtilbod
- ✓ Omtale aktuelle målgrupper for skulen
- ✓ Etablere gode samarbeidspartnarar
- ✓ Høve til å møte lærarane på skulen

*Det vert enkel servering!*

**Velkomne**

**Valekrossen** er ei eiga avdeling under Kvinnherad vidaregåande skule (KVV) og har lokale i same bygning som Folgefond DPS-Helse Fonna på Valen.

Valekrossen tilbyr fellesfaga frå yrkesfag på Vg1+Vg2 nivå, i tillegg påbyggfaga: Norsk, historie, naturfag og matematikk. I år har vi også programfaget sosialkunnskap. Vi tilbyr også eit yrkesfagleg tilbod innan utdanningsprogram, Helse- og oppvekstfag, vg1.

Andre fag, som kan vera aktuelle, vert vurdert årleg og starta opp etter behov.

Skulen gjev eit tilbod til elevar som av ulike grunnar har vanskar med å finna seg til rette i ein ordinær klasse på vidaregåande skule og som på bakgrunn av ulike utfordringar treng ekstra støtte og hjelp. Skulen legg vekt på tett oppfølging frå lærar, i eit lite og oversiktleg miljø.

Elevane vert søkt inn via behandlingsapparatet m.a., på kommunalt nivå, DPS, BUP, og sjukehus, ofte med OT/PPT som ein viktig samarbeidspartnar.

Undervisninga på Valekrossen er organisert i mindre grupper, eventuelt individuelt dersom det er naudsynt og ligg til rette for det. Avdelinga legg vekt på gje eit tilbod tilpassa den einskilde sine føresetnader og behov. I år er det til dømes elevar som har IOP-timar med vekt på sosiale mål gjennom ulike formgjevingsaktivitetar for sosial trening, i tillegg til fellesfaga på vg1 og vg2 og programfag innan helse- og oppvekstfag. Suksessfaktorar som bidrar til auka trivsel og meistring i elevane sin skulekvardag.

Skulen tar òg inn elevar etter den såkalla 23/5 ordninga, det vil sei at eleven må vera 23 år i søkerådet, ta studiekompetansefaga (fellesfaga) og ha minimum 5 års arbeidspraksis. Gjennom denne ordninga kan elevane oppnå studiekompetanse.

